


INDRE BØ

Gnr 54



Den flataste garden i bygda

Indre Bø er den flataste garden i bygda, omlag 1 km breid og 2 km lang, frå Sandebukta og sørover. Dette er botn etter ei gammal havbuk. I bronsealderen skjedde det at landet steig så mykje at Bøvatnet vart skilt frå havet, og ein fekk eit smalt eid mellom Bø og Sande. Bøvatnet vart tappa ut sist på 1800-talet.

Trass i at store deler av Indre Bø låg under vatn, har det vore busetnad her sidan bronsealderen. Frå denne tida og fram til i våre dagar har fisket spela ei viktig rolle i gardshushaldet.

Det er gjort fleire gravfunn, blant anna leirkar fra steinalderen, bronsespenne frå vikingtida og runestein frå omlag 1100-talet. På denne står det ”Kolbjørn heitte ein mann som budde her”. Dei fleste fornminna er no fjerna, men tre bautasteiner står att på bruk nr. 7. Runen på den største steinen tyder ”Torberg Torsteinsson bar denne steinen”. Torberg kunne godt ha vore far til den kjende Jon Torbergsson på Randaberg.

Tilhøyr stormennene på fjellet



Det er truleg at både ytre og indre Bø kan ha tilhøyr stormennene på Randbergfjellet. I mellomalderen kom begge gardane under Apostelkyrkja i Bergen, truleg ein donasjon frå kong Magnus Lagabøter i 1275.

Grøderike åkrar


Indre Bø hadde svært god dyrkningsjord. Åkrane på Indre Bø var dei mest grønne i bygda, og avkastninga var i overkant av gjennomsnittet i soknet. Dei hadde god tilgang på tang og tare og lite saltskadar. Det var mykje kornproduksjon, helst havre, og alt før 1800-talet er det fortalt at det vart dyrka poteter. Seinare vart poteter ein viktig del av gardshushaldet. På slutten av 1800-talet gjekk mange gardar over til mjølkeproduksjon.

Kvern i Sandebukta

Ved bekken som rant ut i Sandebukta frå Bøvatnet var det kvern. Sjølv om vassfallet ikkje var meir enn 5 meter fekk dei mala kornet sitt her.



Bumerker tilhøyrande garden Indre Bø



Randaberg
kommune